


I trafikken

Du må sjå deg for
før du går over ein veg.
Sjå til venstre og sjå til høgre.
Så kan du gå over vegen.
Du må ikkje stoppe opp i vegen.



Når det er mørkt,
må du ha refleks.
Det er lurt å ha refleks
i begge lommene.
Når du bruker refleks,
kan bilane sjå deg.



1 Set ring rundt dei orda du finn i teksten.

veg lyse stoppe refleks lastebil
bilar høgre venstre grøft

2 Skriv minst to ting som det er viktig å hugse på
i trafikken.
